FAGFELLERAPPORT FOR BACHELORPROGRAMMET I ARBEIDS- OG ORGANISASJONSPSYKOLOGI VED UiB FOR 2024

Bestillinga til fagfellen var følgjande spørsmål:

«I hvilken grad opplever du at din bachelorgrad i arbeids- og organisasjonspsykologi har forberedt deg til å gjennomføre en mastergrad i arbeids- og organisasjonspsykologi?»

For å svare på dette spørsmålet vart seks studentar intervjua individuelt i tidsrommet 02.08.2024 til 10.09.2024. Disse var studentar som hadde fullført bachelorprogrammet i arbeids- og organisasjonspsykologi ved UiB i 2022 til 2024. To av disse ønska ikkje å ta eit masterprogram i arb-org., medan fire enten skulle byrje (2), hadde byrja (1), eller hadde tatt masterprogrammet i utlandet (1).

Av dei to som ikkje ønska å ta masterprogrammet arbeidde ein som sjukepleiar og hadde økonomiske grunnar til ikkje å ta masterprogrammet. Den andre hadde for dårlege karakterar til å komme inn.

Studentane vart opplyst om at identiteten til studentane ville bli haldt skjult og at ingen person-identifiserbar data ville bli formidla til Det Psykologiske Fakultet.

Gjennomføringa av intervjua

Fagfellen byrja med å sette spørsmålet i samanheng og deretter gå i detalj inn i den overordna problemstillinga. Det vart sagt at eit masterprogram skal vere forskingsbasert og gi kompetanse i det å utvikle, planleggje og gjennomføre eit forskingsprosjekt. Samtidig skal dette programmet førebu kandidatane for arbeid innan feltet. Emna i MA-programmet vart kort presentert. Det vart stilt spørsmål rundt kor godt studentane følte seg førebudde for undervisinga i metode og teori, arbeid med case, skriftlege og munnlege presentasjonar, og praksis i MA-programmet. Masteroppgåva er ein vesentleg del av programmet, 45 studiepoeng, og studenten si vurdering av å vere førebudd for denne vart også spurt etter. Det vart spurt spesifikt etter kor godt studentane følte seg førebudd for:

1. semester (haust)

Perspektiv i psykologisk vitskap (MAPSYK301, 15 studiepoeng)

Leiar-, team og organisasjonsutvikling (MAPSYK321, 15 studiepoeng)

2. semester (vår)

Arbeidsmiljøarbeid og konflikthandtering (MAPSYK322, 15 studiepoeng)

Forskingsmetodar (MAPSYK302, 15 studiepoeng)

3. og 4. semester (haust og vår)

Masteroppgåve i arbeids- og organisasjonspsykologi (MAPSYK345, 45 studiepoeng)

4. semester (vår)

Praktisk utviklingsarbeid og rolla som intern og ekstern utviklingsagent: studentfirma (MAPSYK323, 15 studiepoeng)

OPPSUMMERING AV INTERVJUA

Her har fagfellen først samfatta kva informantane sa om kvart emne, og til slutt forsøkt å samanfatte dette for å svare på den overordna problemstillinga: Kor godt kjenner du deg førebudd for undervisinga på MA-programmet i arbeids- og organisasjonspsykologi?

Metode:

Forskingsmetodar (MAPSYK302, 15 studiepoeng): Fire av studentane sa seg godt eller ganske godt førebudde. Ein femte student meinte det var for mykje teori, og ein av studentane hadde hatt fritak for emnet.

Teori:

Perspektiv i psykologisk vitskap (MAPSYK301, 15 studiepoeng): Litt variabelt kor godt førebudde dei trur dei er eller har erfart at dei var, men stort sett vurderer dei å vere ganske godt førebudde.

Leiar-, team og organisasjonsutvikling (MAPSYK321, 15 studiepoeng): Fire føler seg godt førebudd. To er meir usikre. Ganske stor variasjon i vurderingane av kor godt dette BA-programmet førebur for dette emnet.

Arbeidsmiljøarbeid og konflikthandtering (MAPSYK322, 15 studiepoeng): Stor variasjon i vurderingane av kor godt BA-programmet førebur for dette emnet. Tre er mest positive, tre er mindre positive eller usikre.

Arbeid med case:

Fem meiner at BA-programmet i liten grad førebur for arbeid med case, då BA-programmet i stor grad er teoretisk. Ein informant følte seg godt førebudd med bakgrunn i arbeid med case i emnet i leiing (MAPSYK321).

Skriftlege presentasjonar:

Fem av studentane føler seg godt eller ganske godt førebudd med bakgrunn i arbeidskrav og arbeid med eksamen.

Munnlege presentasjonar:

Studentane refererer til artikkellesingsemnet, og tre vurderer at det har førebudd dei godt eller ganske godt, medan dei andre tre vurderer at dette emnet i mindre grad har førebudd dei.

Praksis (MAPSYK323):

Fem av studentane meiner at BA ikkje førebur på praksisemnet i masterprogrammet, då det er lite eller ingen praksis i BA. Ein student refererer til arbeid med case i leiingsemnet, men totalt så er det stor einigheit om at det er for lite praksis i BA-programmet.

Masteroppgåva:

Her sprikar det ganske mykje, då to meiner å vere godt førebudd, to er usikre, og to trur ikkje dei er godt førebudde.

I kva grad opplever du at din bachelorgrad i arbeids- og organisasjonspsykologi har førebudd deg til å gjennomføre ei mastergrad i arbeids- og organisasjonspsykologi?

Tre føler seg veldig godt førebudd, to er usikre.

Samanfatting:

Det er stor variasjon i svara. Noko av dette kjem nok av ein bias der enkelte studentar stort sett er positive, medan andre stort sett er negative til kor godt førebudde dei er. Likevel så er det ein svak tendens til at studentane meiner at dei er ganske bra førebudd for masterprogrammet. MAPSYK302, MAPSYK301 og MAPSYK321 har overvekt av positive vurderingar. Studentane vurderer også at dei er godt førebudde til skriftlege presentasjonar.

Der flest saknar førebuing til masterprogrammet er på spørsmåla om førebuing til case og til MAPSYK323.

Dersom fakultetet vel å gjennomføre fleire liknande undersøkingar så vil det nok vere ein fordel å intervjue personar som har byrja på eller fullført mastergraden, enten ved UiB eller annan institusjon. Dei som ikkje hadde byrja på mastergraden var meir usikre på kva dei skulle svare.

Det er ikkje sikkert at intervju er den beste metoden for å få informasjon om kor godt førebudde studentane er, gitt at det er stor variasjon i svara. Eit spørjeskjema sendt på mail ville kanskje gitt fleire svar og meir påliteleg informasjon.

Under er notat frå intervjua:

Informant 1, ferdig -23:

Kor godt kjenner du deg førebudd for undervisinga på MA-programmet i arbeids- og organisasjonspsykologi?

Metode: artikkellesing var det einaste metodeemnet studenten tok. for hadde samfunnsvitskapleg metode frå før. Trur seg ikkje å vere godt førebudd. Metode på psykologi er tyngre.

Teori:

Perspektiv i psykologisk vitskap (MAPSYK301, 15 studiepoeng): syntes ikkje så mange emne var med særleg dybde på BA. Kan vere nyttig med dette emnet i masterprogrammet. Kunne hatt meir dybde i BA-programmet.

Leiar-, team og organisasjonsutvikling (MAPSYK321, 15 studiepoeng): Er veldig overflatisk førebudd. Har litt om leiing, men noko er samtidig med BA-oppgåva, så det kan bli prioritert ned. Studenten har generell kunnskap, men lite dybde.

Arbeidsmiljøarbeid og konflikthandtering (MAPSYK322, 15 studiepoeng): Enno mindre førebudd enn for MAPSYK321. Burde hatt meir om dette i BA-programmet.

Arbeid med case: I veldig liten grad førebudd, einaste casane var på eksamen. Veldig lite case i BA.

Skriftlege presentasjonar: Ikkje så mange av disse, men har litt erfaring. Hadde litt arbeidskrav, men ganske få. Til ein viss grad førebudd. Mest eksamenar som var skriftlege.

Munnlege presentasjonar: Betre førebudd, var meir munnlege presentasjonar, for eksempel når ein las artiklar. Ofte i seminargrupper, eller i plenum i eitt emne.

Praksis (MAPSYK323): Ikkje førebudd på det. Ikkje praksis på BA-studiet så vidt vedkommande veit. Utveksling var einaste moglegheit til praksis.

Masteroppgåva: Personleg nei. Det kjem an på kva valfag ein har tatt i BA. Bacheloroppgåva som vedkommande student tok førebur ikkje til masteroppgåva. Studentane fekk tildelt data og samla ikkje inn sjølv, som gir avgrensa erfaring.

Planlegg du å ta ein master i arbeids- og organisasjonspsykologi? Kvifor eller kvifor ikkje? Trur ikkje det. Praksisfaga kunne kome tidlegare. Har for dårlege karakterar.

Informant 2, ferdig 24, skal ta til på MA-programmet H-24:

Kor godt kjenner du deg førebudd for undervisinga på MA-programmet?

Metode: Det som saknast var multiple regresjon, som studenten brukte i BA-oppgåva. Fekk god hjelp av rettleiar, men var lite om dette i metode på BA. Føler seg elles ganske bra førebudd.

Teori:

Perspektiv i psykologisk vitskap (MAPSYK301, 15 studiepoeng). Føler seg ganske bra førebudd. Forelesarane var flinke til å ta inn ulike perspektiv.

Leiar-, team og organisasjonsutvikling (MAPSYK321, 15 studiepoeng). Føler seg veldig godt førebudd. Veldig flink emneansvarleg.

Arbeidsmiljøarbeid og konflikthandtering (MAPSYK322, 15 studiepoeng). Føler seg veldig godt førebudd frå emnet i leiing og PSYK110.

Arbeid med case: Føler seg godt førebudd. Hadde ein del caser i emnet i leiing. Så det skal gå ganske bra meinar vedkommande.

Skriftlege presentasjonar: Føler seg godt førebudd. Hadde skriftleg innlevering i PSYK111, og ei rekke eksamenar som også var god skrivetrening.

Munnlege presentasjonar: Føler seg veldig godt førebudd. Artikkelskriving-emnet gav god drill i korleis ein skal gi munnleg presentasjon.

Praksis (MAPSYK323): Hadde litt praktiske oppgåver i leiingsemnet, så studenten føler at han/jo er litt førebudd.

Masteroppgåva: Veldig godt førebudd. Fekk god førebuing på BA-oppgåva. Forskjellen er litt meir avanserte analyser.

I kva grad kjenner du deg førebudd til å gjennomføre ein mastergrad i arbeids- og organisasjonspsykologi? Kjenner seg godt førebudd. Har tileigna seg mykje kunnskap.

Planlegg du å ta ein master i arbeids- og organisasjonspsykologi? Kvifor eller kvifor ikkje? Ja. Er tatt opp på programmet. Synes det er veldig spennande tema, og mange flinke og inspirerande forelesararar.

Informant 3, ferdig -23, går MA UiB: Starta BA i 2019, brukte fire år. Byrja MA 2023.

Kor godt kjenner du deg førebudd for undervisinga på MA-programmet?

Metode:

Forskingsmetodar (MAPSYK302, 15 studiepoeng): Synes det er meir utfordrande enn andre ting. Har ikkje så mykje interesse for metode. Metode på BA var berre online, og eksamensoppgåvene var å skrive om eit tema heller enn ei analyse. Fekk ikkje så mykje ut av det emnet. Låge krav for å bestå MAPSYK302. Lite individuelt, kan lene seg på andre. Lærte meir av BA-oppgåva. Er middels godt førebudd.

Teori:

Perspektiv i psykologisk vitskap (MAPSYK301, 15 studiepoeng): Trudde ho var godt førebudd, men fekk ikkje god karakter. Utydeleg kva som forventast på eksamen i dette tema, men emna var ikkje utfordrande.

Leiar-, team og organisasjonsutvikling (MAPSYK321, 15 studiepoeng): Godt førebudd. Har gjort mykje frivillig arbeid i studentorganisasjon på fritid, som har hjelpt. Mykje som går igjen frå BA.

Arbeidsmiljøarbeid og konflikthandtering (MAPSYK322, 15 studiepoeng): Eksamen berre om arbeidsmiljø. Ikkje førebudd for den type arbeidsmetode. Forventinga var annleis, for eksempel med streng ordgrense som informanten ikkje var vant med frå BA. Analysearbeid som var uvant, for eksempel bruk av excel, og det å forstå tal er framandt for mange i MA. Det faget var katastrofe, og mange andre vil seie det same. Vanskeleg å sette seg inn i. Forelesar hadde ein fasit, som var vanskeleg for studentane å forstå. Det var betre før, med meir fokus på konflikthandtering.

Arbeid med case: Var godt førebudd på det, men det skuldast at ho har jobba utanfor studiet i studentorganisasjon. Lite om det i BA, så den førebur i liten grad.

Skriftlege presentasjonar: Dette er ho godt førebudd på. Har jobba mykje med det i BA.

Munnlege presentasjonar: Informanten personleg, veldig bra førebudd, men resten av klassen var ikkje det. Mange vart overraska. Håpar det innførast mykje meir munnlege presentasjonar i BA. Innhaldet er i fokus i BA, ikkje presentasjonsmåten. Det burde vere meir fokus på presentasjonsmåte.

Praksis (MAPSYK323): Informanten personleg har gjort mykje praksis. Men det skuldast ikkje studiet. Ein kombinasjon. Har øvd mykje på å bruke teori i praksis, og har gjort mykje sjølv. Ingen praksis i BA.

Masteroppgåva: Midels godt førebudd. Trur BA-oppgåva kan førebu godt, men det har mykje med rettleiar å gjere. Mykje fokus på kvantitativ metode, for lite om kvalitativ.

I kva grad kjenner du deg førebudd til å gjennomføre ein mastergrad i arbeids- og organisasjonspsykologi? Middels godt førebudd, men det er fordi informanten har gjort så mykje anna. PSYK110 er veldig bra, men kunne gjort meir ut av det, for eksempel case og seminarbasert undervising. Det som kunne vore betre: kunne vore meir om konsulentarbeid, meir praksis, meir case, meir munnlege presentasjonar, fleire tilbakemeldingar. Tilbakemeldingane blir ofte litt for positive («du var så flink») og sjablonmessige.

Informant 4, ferdig 2024. Tar til på MA H24.

Kor godt kjenner du deg førebudd for undervisinga på MA-programmet?

Metode:

Forskingsmetodar (MAPSYK302, 15 studiepoeng): Vanskeleg å vite når ein ikkje veit kva ein møter. Metode på BA-programmet var veldig teoretisk, og det må jo vere teori, men kunne vore meir integrert med emnet i artikkellesing, for å få meir praktisk erfaring med bruk av metode. Kvantitativ metode var mykje om, men lite om kvalitativ, og fekk inntrykk av at det ikkje var viktig. Mange kvir seg til metodeemnet fordi der er tal.

Teori:

Perspektiv i psykologisk vitskap (MAPSYK301, 15 studiepoeng): Veit ikkje kva emnet er. Kandidaten trur vedkommande er greitt nok førebudd.

Leiar-, team og organisasjonsutvikling (MAPSYK321, 15 studiepoeng) : Veit kva dei har hatt, men ikkje kva dei møter. Det er same forelesar, så reknar med at det blir fortsetting frå BA. Håpar at det er samanheng. Har eit emne som er leiingspsykologi, parallelt med BA-oppgåva. Har for store grupper med studentar.

Arbeidsmiljøarbeid og konflikthandtering (MAPSYK322, 15 studiepoeng): Har hatt mykje om det i PSYK110. Hatt mykje om konflikt. Håpar å vere godt førebudd.

Arbeid med case: Har lite erfaring med det frå BA-programmet. For store kull. For mykje einvegs frå forelesar til studentar.

Skriftlege presentasjonar: har hatt tilbod om å skrive oppgåver og få tilbakemelding, i 30 stp arbeids- og organisasjonspsykologiemnet. Supplement til einvegs-forelesingar, for studentane ønska å få tilbakemeldingar. Elles ingenting.

Munnlege presentasjonar: I artikkellesingsemnet får ein tilbakemelding på munnlege presentasjonar. Ingen andre emne som har dette. Kan ikkje seie at det er BA-programmet som førebur på munnlege presentasjonar.

Praksis (MAPSYK323): Ingenting, er ikkje førebudd på praksis. Det næraste praksis i BA-programmet er å dele i grupper om teamutvikling i PSYK110, og så eit to-dagars opplegg om erfaringsbasert læring, hentar inn ressursar og jobbar i grupper dei to dagane. Får kjenne litt på teamutvikling og korleis ein fungerer i grupper og kjenner på stress og ulike situasjonar.

Masteroppgåva: Har skrive BA-oppgåva, trur dei er greitt nok førebudd, men det blir eit race uansett. Må klare å tole usikkerheita.

I kva grad kjenner du deg førebudd til å gjennomføre ein mastergrad i arbeids- og organisasjonspsykologi? Håpar å vere godt førebudd, men veit ikkje.

Planlegg du å ta ein master i arbeids- og organisasjonspsykologi? Kvifor eller kvifor ikkje? Byrjar på MA hausten 2024.

Informant 5, ferdig i 2022. Er sjukepleiar og jobbar som det. Jobba fulltid ved sida av BA-programmet så brukte lang tid. Har berre lest om MA-programmet.

Kor godt kjenner du deg førebudd for undervisinga på MA-programmet?

Metode:

Forskingsmetodar (MAPSYK302, 15 studiepoeng): Ja, eigentleg. Den ved UiB var mykje betre enn den frå sjukepleieBA.

Teori:

Perspektiv i psykologisk vitskap (MAPSYK301, 15 studiepoeng): Har fått eit godt utgangspunkt, og kan psykologisk teori.

Leiar-, team og organisasjonsutvikling (MAPSYK321, 15 studiepoeng) : Har ikkje dei praktiske erfaringane. Har fått ei innføring på BA, men følte at ho/han kunne tatt MA-emnet.

Arbeidsmiljøarbeid og konflikthandtering (MAPSYK322, 15 studiepoeng): Kan litt om konflikteskalering og det som kan påverke dette. Brukar informasjon frå BA til å forstå det som skjer på jobben. Har ei grunnforståing av emnet.

Arbeid med case: Har berre jobba i teorien. Har ikkje mykje erfaring. Ikkje mykje case på BA. Likevel ikkje skremt.

Skriftlege presentasjonar: Ja, aldri hatt problem med det. Hatt fleire skriftlege eksamenar og jobba godt med BA-oppgåva. På ex-phil. eller ex. Fac. Hadde han/ho skrive oppgåve så har litt erfaring med skriftlege presentasjonar.

Munnlege presentasjonar: Emneleiarane var flinke til å få studentane til å presentere på artikkel-emnet. Måtte presentere BA-oppgåva også. Hadde dermed nokon munnlege presentasjonar, men berre mot slutten.

Praksis (MAPSYK323): Ikkje gjennom BA-programmet. Har det ikkje på BA. Har berre det teoretiske.

Masteroppgåva: Jobba med data som var innsamla frå før i BA-oppgåva. Jobba med SPSS. Skremmer ikkje i det heile tatt å ta masteroppgåva. Det var kjekt å skrive BA-oppgåve og hadde god og støttande rettleiar. Skreiv med tre andre som ikkje kjente frå før. Med slik rettleiing hadde det gått bra på masteroppgåva.

I kva grad kjenner du deg førebudd til å gjennomføre ein mastergrad i arbeids- og organisasjonspsykologi? Veldig godt førebrudd. Einaste grunn til ikkje å gjere det er at ho vil fortsette på same beite med god løn.

Informant 6. Ferdig BA 2023. Ferdig med MA 60 stp i Manchester, i Organizational psychology.

Kor godt kjenner du deg førebudd for undervisinga på MA-programmet?

Metode:

Forskingsmetodar (MAPSYK302, 15 studiepoeng): Var ganske bra førebudd, ganske grunnleggande i BA, men godt grunnlag. Mangla kvalitative metodar for analyse.

Teori:

Perspektiv i psykologisk vitskap (MAPSYK301, 15 studiepoeng).

Leiar-, team og organisasjonsutvikling (MAPSYK321, 15 studiepoeng)

Arbeidsmiljøarbeid og konflikthandtering (MAPSYK322, 15 studiepoeng)

Godt førebudd på teori, lærte ekstremt mykje teori i BA. Mykje dei same teoriane i MA.

Arbeid med case: Mykje case i MA. Studentane designa seleksjonsprogram i MA som konsulent. Designa treningsprogram. Fekk sertifisering til testar. Hadde ikkje case i BA, utanom i artikkellesingsemnet, så ikkje så godt førebudd.

Skriftlege presentasjonar: Mykje arbeidskrav i MA. Ikkje så mykje slutteksamenar som i Noreg. Var bra førebudd frå BA.

Munnlege presentasjonar: Ein del, ca. seks totalt i MA. Var ikkje så godt førebudd frå BA.

Praksis (MAPSYK323): BA er teoritungt, og skulle ønska seg meir praksis, og meir overføring mellom teori og praksis. Hadde ikkje internship i MA, men kan melde seg på.

Masteroppgåva: Skreiv kvalitativ oppgåve i MA (40 ECTS). Ikkje godt førebudd på denne då det var lite kvalitative analysar i BA.

I kva grad kjenner du deg førebudd til å gjennomføre ein mastergrad i arbeids- og organisasjonspsykologi? Fekk veldig mykje bruk for BA, hadde stor fordel av å ha arb-org frå UiB, dei fleste andre hadde berre generell psykologi. Ville hatt meir om seleksjon og testing, jobbanalyse, kompetansekrav, personlegdomstesting, evnetesting. Hadde lite IQ testing og personlegdomstesting. Hadde lite trening i arbeidslivet i BA.